

Festidalen med 100 frivillige så langt

22.05.2012

Koordineringsgruppa og gruppeleiarane i Festidalen har hatt møte i kveld. Alt no har det meldt seg 100 frivillige til ulike arbeidsoppgåver Frivilligkoordinator, Lars Kvamme, er godt nøgd så langt. Det er påmeldingar frå mange bygder, ja faktisk utover kommunegrensene.

Festidalen treng framleis påmeldingar frå frivillige. Arbeidsoppgåvene er mellom anna:

- * Tryggleik og vakthald
- * Områdegripe/ Rigging
- * Servering
- * Billettsal
- * Sponsorane og vertskapsrollen

Meld deg som frivillig til Festidalen og sei frå kva du ynskjer å vera med på Sei og frå om du kan vera med ein eller to dagar. Alle vert nokre dagar før kalla inn til orientering og innføring i praktiskgjennomføring. Tryggleiksgruppa vil få opplæring av politiet, Røde Kors og brannvernet. Festidalen er på Facebook og har eiga nettside. Her finn du meir informasjon. Påmelding kan og gå via uskedalen.no

Tekst: Kristian Olav Bringedal